

Vedlegg til søknaden om kulturmidlar, ifrå OsterKlang.

Omtale av søkjaren

OsterKlang er kantor Boris Kuprijanov sitt kyrkjekor i Osterfjorden sokn. Der er 20 betalande medlemmer som alle er pensjonistar. Det er eit svært aktivt kor som stiller fullt mannskap til 8-9 gudstenester i året, på Vike og Ostereidet og Hjelmås. Utover det er mange kormedlemer forsangarar på andre gudstenester.

Dei tre første mndr i 2014 har vi delteke med sang og opplesing ved to Seniorsenter og på eit jubileum for pensjonistkoret i Meland. Vi hadde kyrkjekonsert i Vike i januar, og i mars skal vi ha kor-kafe på Ostereidet Ungdomsskule.

Vi øver kvar veke og oppmøtet er på over 90%!

Denne aktiviteten skuldast for det meste vår kantor som brukar av si arbeidstid og mykje fritid til å spreia song og musikk-gleda til alle, - både i kyrkja og utanfor.

Særleg kan nemnast at i mars 2013 sette koret opp musikalen "Langs Osterfjorden før i tida, - og so no" Det var ei framføring (og eit stort arbeid), der bygdeidentiteten vart sterkt ivareteken i ord og tonar.

Omtale av prosjektet

Prosjektet vi no søkjer om støtte til er ei ny utfordring til OsterKlang. Vi er inviterte til Sjømannskyrkja i Torrevieja, Spania. Der skal vi, ilag med kantor der og eit lokalt kor ha felles korseminar med sangpedagog i to dagar. Vi skal delta ved to gudstenester i Torrevieja og ved Solgården. Vi skal ha ein større konsert ilag med lokalt kor i Sjømannskyrkja.

Vi trur det vert lærerikt og utviklande å samarbeida med kyrkja og innbyggjarane der om kyrkjemusikk og liturgi. Som kjent er det mange norske busette i området, og kanskje vil dei setja pris på litt norsk sang? Reise og opphald betalar medlemmene i koret sjølv. Vi søkjer om kulturmidlar til ein del av dei fellesutgiftene som vil koma på denne turen.

For ordens skuld gjer vi merksam på at vi høyrer inn under Osterfjorden sokneråd. I høve til dei nye retningslinene §6, søkjer vi separat fordi det er ein søknad om prosjektmidlar. Vi gjer også merksam på at vi har eigen bankkonto: 1503.39.28251, - og at vi no betalar kr 400 pr medlem i årskontigent!